

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12 Fylke: Oppland  
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Skjåk  
 Emne: Gamal engdyrking Bygdelag: Skjåk  
 Oppskr. av: Edward Grimstad Gard: Spinnestad  
 (adresse): Lillehammer G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Ei del*

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

*Amund Grimstad, 72 år, Skjåk, bonde på Spinnestad*

## SVAR

1. Eng og ruskilette var nemningar på dei innafør trapella. Nemningane viser gradene av auling på stykket. Var det svart gild slått, kallast det gjukkeng.

Atlegg = åker som er vorde eng.

Atlugo = åker som skal hvile eit år.

Lengt og fint høy var stundom kalla ullhøy.

Gardane lög ikkje slik at dei nytta utslatte. Fjellhøy fekk dei på slettkveien. Det var herre folk som hadde like eller intkje av jord som nytta utslatte, som var kalla ei vinne. Under fjell eller i kratte tier kunne det vera opne glenner som var grasvakse. Like var gjerne kalla eit grøe. Det var ikkje alle stader dei kunne nytte tjå, og da plukka dei med sigd.

2. Gjörker vart teki ved lauvhoggingi om høusten. Visen (fennungen) som kom att om våren, slo dei med i høyet. Om våren rødde dei kvist kvist og lauv i hop og brunde. Det var kvisthaugar.

Stose og jordfaste stunar vart til vanleg liggjande, men slik stein dei rødde med, fekk dei saman til røyser. Når steinen

vart lagt slik at det vart loddeitt kant, heiter det mür. Det andre - berre ihopkaster er røys. Mür og stundom røys vart helst tilgjude mot utmarki.

3. Vart det for mykje mäsä, künne dei jordkøyre eller sandkøyre engi. Osta var handelsvare og for dyr til å ha ut over engi.

Dei samla höymo og sädde i när åker skulle seggjast att.

4. Dei veita ut myrar og vassjuk eng. Veitene vart stünsette.

Engvatning er godt kjent fra gamle tider og nyttast like mykje ennä.

På bratt lende künne dei stundom slippe vatn på gjödselhaugar, så det rann ut over engi; Dette vart helst gjort på selukver, der det var mykje gjödsel og ikkje så farleg korliis ho vart nytta. Det heitte å löype gjödsle.

5. Dei gjödsle engi med kumök, helst tidleg om våren. Det var etter gammalt. Stundom künne dei nok køyre ut gjödsel om hausten med. Det var frå ündfjaset, kumök, som vart hatt på eng. Ündfjaset vart tömt tidleg om våren. Men det kom meir det vidare ut over våren, og dette vart blanda med jord og hatt på åkeren, eller vart hatt inn i småkryterfjaset, som gultallen korn ovanpå vinteren etterpå.

Engi vart ikkje gjödsle så sterkt som åkeren, på lag dubbelt så mange laes på vidde på åkeren som på engi. Gjödli vart tenust med ein sloe. Dei slödde med han. Gloew <sup>var</sup> stundom eit kjörskat med mange kirster, ein ris sloe, som dei la ei steinhelle på og køyde over engi med. Ein annan sloe

var kubbesloen. Han er gjort av stottekendar med eit firkanta hol gjennom midt på kubben. Eit firkanta tre gjekk gjennom kubbane. Fenden av dette framantil var skoklane festa med ei plogtukū. Oftast var det fire kubbear som var samanhekte slik. Når ein slødde, stod karen helst på sloen, så det vart tyngre, og gjødeli bette knust. Gjødsla eng vart ofte kalla ta'eng. Foret av gjødsla eng, kalla dei ta'for.

7. Liget frå fjøset kalla dei drukk. Teigen utanfor garden har her vanleg vore kalla lykkja. Og det har vore beste jordleigen på garden.

Åkrane lög nok helst på opphøgd jord, men om det var for at engi skulle få sig frå åkren, er mindre kjent. Rett nok er det eit ord etter eit menneske som tyder på noko i den lei: „Stiale er nok ein god gard, for der ligg åkran' høgt og engje lågt”.

8. Gå svar nr. 5. Til å speie kugjødset på engi nytta dei trereko utan sko. Trereko var gjort lettare til dette arbeidet enn den som mest vart nytta til å speie gjødset på åkren. Ho hadde sko av jern. Utan sko slepte reko den blåle kugjødset betre. Nå nyttast greip til dette arbeidet.

Når dei rudda gjødsla eng, raka dei gjødsetklumpene som var att etter sløingi, i saman, og da vart det vanleg at dei var med og slødde over desse klumpene på nytt. Men ennå var det kanskje att

ein og annan klumpen og eit og anna  
 ellis, som ikkje skulle ligge att i slitt-  
 engi, og dette vart raka saman i haugen  
 og bustkøyrte. På ugjødsela eng var det  
 gjerne møkrøvere etter beitingi. Når det  
 vart raka - ruddt - her, kunne dei nok stund-  
 omme trekke ellu stå sund røvene med  
 rørtuguet, når dei ikkje var for harde.  
 Men oftest vart det små kringar av dei,  
 blanda med eit og anna som kunne  
 ligge på engi om våren. Både på  
 gjødsela og ugjødsela eng kallast dette  
skår. (slutt vokal).

Til å ha skåni oppkjerra med, når dei  
 køyrde ho vekk frå engi, hadde dei eit  
 lettgjort troy (av tu) skåntroyet.

Når det ikkje for mykje småstein i ho,  
 køyrde dei skåni inn i småkryter-  
 fjøset, når dette var tømt for talle.

Når dei hadde vatna marki fyrste gongen  
 - sking jonsokleite - vart det ofte ei ryding  
 (røying) til. For å få vatnet til å renne  
 jamt ut over all engi, hadde dei eit  
 reidskap dei kalla marketehle = tekole.

Ho var på lag som ei slit tekole = tekole, som  
 dei hola ut stokkar til vastrør med. Men  
 marketehla var ikkje slipa kvass. Med  
 henne hogg dei små veiter i marki, så  
 dei fekk vatnet dit dei ville. Dei små  
 torvene dei såleis hogg lause, laut på-  
 kast vekk. Dette kalla dei helst etterrøying.  
 Torvi tok dei bort, helst med ei trillebår.  
 All røying var kvinnearbeid.

9. Dei gamle beitte all innmark. Dei sa  
 at grasul vart dekkare når dei beitte

om våren. Ein veit ikkje at det var tenkt på nokor tading i samanheng med beile.  
 10. Etter at kunstlig eng er kome i bruk, likar dei ikkje at det bli så mykje beilt, seleg om våren. Tysote år eng er dei reddast for å beile. Men elles er nok beiting vanleg over all eng både haust og vår.

11. Sjå svar på nr. 8. Møkjebøntar ukjent.

12. Sumne hadde- og har-heimkjøps ved kanten av utmarki. Gjødslu bli samla der, men kjørd på jorden til gjødsling der. Utslåtta, om det faus, vart aldri gjødsla.

13. God kryteri ude, var det på ei frå. Ei beilesmark inn til garden, kalla dei eit frøde, når det var inngjerdet.

14. Ukjent

15. ---

16. ---

17. ---

18. ---

19. Stednamnet Sto(d) er her. Det blir sagt at det var ei inngjerdning for sauer lenge sia. Seinare har det ein bolte vore ei seter.

20. Kveer er det til alle setrene her.

Alle seterkveerne er nytta til eng. I den siste mannsalderen (frå 30-40 år sia) er skiftebruk innført på mange setrer der det er slik dei kan pløggje. Gjødslu bli drioi på same måten som heime på garden. Men på setri har dei råd til å gjødsla sterkare. Etter det har vorte gode ueger, og beilane har kome meir i bruk, er det same som kveer gjødsla frå setri.

og heim på garden. Det er fjøs til alle setrer.

21. Einast oska kunne bli nytta til gjødsel på setrene utanom gjødsel av husdyr. Nå har dei teki Kunstgjødsel i bruk på setrene med.

Tillegg til svar nr. 1.

Langs åkrane var det oftast ei renne grasmark, ei åkerrinne. På desse vart det gjerne fjukt gras, og høyet frå der tok dei gjerne til øykjesor. Hestane skulle ha ~~bede~~ høyet.

*bygd i Gjak.*


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR: NORSK FOLKEHEDELSE  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bötta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

*Ukjent i Gjak.  
Edvard Grimsled  
adr. Lillehammer*



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? *Nei.*

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

*Nei*

*Gjak  
Edvard Grimsled  
adr. Lillehammer.*

2105

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING